

KAPITTEL 6 – DENNIS

Sjølv om Dennis hadde rive sund og kasta lappen, ligg han og blafrar i hovudet likevel. Vakre auge? For noko tull. Det er ikkje noko spesielt med dei. Dei er blå, heilt normale. Han har granska seg sjølv i spegelen heime, sett djupt inn i sine eigne auge. Det var nesten ubehageleg å sjå på seg sjølv så lenge. Møte sitt eige blikk. Han må jo sjå litt på kva slags auge dei andre i klassen har, og. Den lappen var heilt sikkert meint til nokon andre og låg på feil pult. Han kan ikkje hugse at han har sett nokon av klassekameratane i auga sidan dei var små og leikte i skulegarden. Eller kanskje når han slenger ut noko kødd, og ventar på at nokon skal le. Men det er jo ingen som liker han, same kor mange som ler.

Henrik har også blå auge, ser han. Og då han ser etter ein gong til, kjapt, ser han at dei er lyseblå.

Helin har brune, nei, kanskje grønne? Ho sit litt framfor han, men ho snur seg stadig og ser bakover i klasserommet. Fort, som om det er noko hemmeleg. Ser ho etter nissevenen sin?

– Har nokon idear til juleavslutninga? Vi må ha noko underhaldning, seier Tor, og forslaga haglar.

– Du kan ha stand-up, Tor!

– Dennis, kan ikkje du synge?

– Bjørk kan ha hår- og negleshow?

– Blæh, seier Bjørk. – Men Liam, du kan jo spele piano?

– Kan du? seier Tor overraska. – Vil du spele noko på avslutninga?

Alle ser på Liam.

– Ja, det kan eg vel, seier han, heilt kvardagsleg.

Dei får berre drive på, Dennis kunne ikkje bry seg mindre. Har ikkje tenkt seg på avslutning uansett.

– Eg har blitt så glad i «Stjerna i desember», kan du spele den, og så syng klassen? Kan vi klare det?

Dennis ristar på hovudet, han er null interessert i å stå og synge ein julesong ingen kan, framfor foreldre med julesnille ansikt. Skikkelege foreldre, som ikkje gjer noko gale. Ikkje som mamma. Eller endå verre, mammas ansikt som ser på han. Håpefullt og stolt.

Men folk i klassen seier utruleg nok ja, fleire. Dennis må sjå seg rundt, kva skjer her?

Når han snur seg, ser han Liam. Det same blikket som Helin hadde. Dei kastar dei korte blikka mot kvarandre, men aldri samtidig. Så rart. Og så rart at han legg merke til det. Han bryr seg jo ikkje.